



Arkivsaknr: 2024/13306-6
Sakshandsamar: Eirik Bouwer Utne
Avdeling: Kultur

SAKSFRAMLEGG

Søknad om ekstraordinært driftstilskot - Lyngheisenteret

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner tilskot kr 200 000 til Museumssenteret i Hordaland, til drift av Lyngheisenteret. Vilkår og pliktar går fram av Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune. Tilskotet vert finansiert over disposisjonsfondet.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Museumssenteret i Hordaland (MUHO) har fått redusert statleg driftstilskot til Lyngheisenteret tilsvarende kr 1 130 000, og søker mellom anna Alver kommune om ekstraordinært tilskot i 2025.

Bakgrunnen for bortfallet av tilskot er knytt til avgjerd hos Riksantikvaren for kva dei såkalla KLD post 71-midlane kan nyttast til.

Bortfallet av tilskot er svært stort, og situasjonen for Lyngheisenteret er for tida ikkje berekraftig. MUHO søker Alver kommune om ekstraordinært driftstilskot på kr 200 000. Søknad vart først sendt 29.11.2024, som var for seint til å kunne handsamast i samband med budsjett 2025. Dette vart opplyst til søker. Søknaden vart oppdatert i mars 2025, og er retta til budsjettrevisjon, første tertial.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Tilskot frå Klima- og miljødepartementet (KLD) post 71 har vore nytta av MUHO sidan 2007 til lønsutgifter for skjøtsel og forvaltning av kulturlandskap. Riksantikvaren har i klagesak frå MUHO og Midt-Troms museum presisert at tilskot over post 71 ikkje kan gå til kulturminne og -miljø som ikkje er freda.

Dette medfører at MUHO framleis kan få tilskot frå post 71 til Havrå, men ikkje til Lyngheisenteret.

MUHO har med bakgrunn i dette fått auke i driftstilskot frå Vestland fylke på 0,2 mill frå og med 2025, og søker tilsvarande frå Alver kommune, samt 0,6 millionar frå Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD), i ein 20/20/60-modell.

Støtta frå Alver kommune er oppgitt av MUHO til å vere viktig for å sikre tilskot frå KUD.

Denne saka dreier seg berre om ekstraordinær søknad for 2025, men MUHO har i annan søknad søkt om auke i driftstilskot frå Alver kommune frå 2026 – 2029 over ordninga Fleirårig driftstilskot. Den søknaden vil vurderast i økonomiplanarbeidet.

Vurdering

Lyngheisenteret sine samlingar er sjølve kulturlandskapet, som ikkje er freda. MUHO forvaltar to autentiske gardar, som har produsert mat og ressursar i over 1 000 år, og som framleis er i drift. MUHO er åleine i landet om dette.

MUHO forvaltar nasjonal kompetanse knytt til tradisjonell drift og skjøtsel av lyngheilandskapet, forvaltar over 3 200 dekar med kulturlandskap av nasjonal verdi, og har ei sentral rolle innan forskning, mellom anna knytt til klima og berekraft.

Det planlagde nybygget Naturrom Lygra skal formidle problemstillingar og løysingar på klimaendringar og naturtap, og Alver kommune løyvde i budsjett 2024 0,5 mill i tilskot til tiltaket. Løyvinga var forankra i *Kultur som drivkraft*, Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023–2035.

Bortfall av tilskot vart først kjend april 2024, og Lyngheisenteret har gjort tiltak for å betre økonomien og redusere drifta, mellom anna ved å ikkje bemanne 1 av 1,5 årsverk til skjøtsel av kulturlandskapet frå og med august 2024. Stillinga er budsjetttert for i 2025, men ikkje bemanna. Redusert kapasitet har gitt utfordringar ved drifta av lyngheiene.

Lyngheisenteret hadde i 2024 eit underskot på kr 927 254, og per 1.1.2025 ein negativ eigenkapital på kr 733 238. Budsjett for 2025, inkludert ubesatt stilling viser underskot på kr 1 439 798, men senteret sitt førebels tertialrekneskap for 2025 viser drift tilnærma i balanse. Majoriteten av Lyngheisenterets inntekter er basert på tilskot frå Vestland fylkeskommune og statlege departement. Alver kommune yt frå før årleg tilskot kr 60 000 til publikumsaktivitetar ved senteret.

Forankring

Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023–2035 legg fram at *...i Alver har me musea Lyngheisenteret og Vestnorsk utvandringssenter, under Museumssenteret i Hordaland i Salhus. Begge musea har utviklingsplanar knytt til nye formidlingslokale, og er viktige partnerar for tilbod til barn og unge. Drifta er under press, og for å sikra brei finansiering til nye tiltak og drift skal Alver fortsett bidra med delfinansiering, (...), og Jordbrukets bruk av landskapet til å skaffa mat og ressursar har vore styrande for omgjevnadane våre, og i streng forstand er det lite landskap som er upåverka av mennesket. I Alver har me eit rikt og variert kulturlandskap, omfattande kystlyngheier og beiteområde i fjellet. Som kystkommune er fjordane, strandlina og sjøbruksmiljøa sentrale delar av vårt historiske landskap. I planperioden skal me sikra verdiar i kulturlandskapet, i samarbeid med landbruket og lokal ressursutnytting.*

Alver kommune som støttepartner for vidare skjøtsel av kulturlandskapet på Lygra er i tråd med vedteken kulturpolitikk. Lyngheisenteret er hovudsenter nasjonalt for å ta vare på desse verdiane, og er leiande i ein europeisk samanheng, då dei atlantiske lyngheiene er eit felleseuropeisk kulturlandskap. Forsking og formidling er viktige delar av verksemda, og barn og unge i Alver dreg stor nytte av å forstå korleis våre omgjevnadar vert nytta til å skaffe oss mat og ressursar både i fortid og notid.

Søknaden er retta til første budsjettrevisjon/tertiar. Retningslinjer for tilskot til kultur og idrettsformål gjeld òg for enkelttilskot, og eit tilskot vil vere omfatta av pliktar desse retningslinjene pålegg søkjarar.

Økonomiske konsekvensar

Tilskot til MUHO/Lyngheisenteret er utover vedteken ramme, og må finansierast.

Miljømessige konsekvensar

Om landskapet på Lygra ikkje lenger kan skjøttast vil det ha miljømessige konsekvensar, ved gjengroing og tap av flora.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til å yte tilskot på kr 200 000 til Museumssenteret i Hordaland, til drift av Lyngheisenteret.

Vedlegg

- 1 2025.03.03 Søknad om auka driftstilskot bortfall av KLD Post 71 -oppdatert Alver kommune.pdf
- 2 2025.02.24 Søknad om auka driftstilskot bortfall av KLD Post 71.pdf
- 3 Søknad om auka driftstilskot 2025 - bortfall av KLD Post 71 Alver kommune.pdf

- 4 00954-5-Stromsor-fjellgard---avgjorelse-av-klage-pa-avslag-pa-soknad-om-tilskudd-fra-post-7-610651 10 1 (1).pdf
- 5 Kystlyngheia Lygra - gbnr. 57 1 - Riksantikvarens avgjerd i klagesak - Tilskot frå post 71.PDF
- 6 aarsmelding2024lhs.pdf
- 7 Lyngheisenteret 2024-2025.pdf